

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **16.12.2019, kl. 09:00-15:50**
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø (<i>unntatt sak 108/2019</i>)	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør psykisk helsevern
Olav Hesjedal, direktør medisinsk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Trine Vingsnes, fagdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Helge Robert Midtbø, direktør drift og eigedom
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør (*unntatt lukka del sak 100/2019, og 108/2019*)
Anya Therese Markhus, avdelingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Sakliste

- 097/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 098/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.11.2019
- 099/2019 Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte i Helse Førde HF 05.12.2019
- 100/2019 Administrerande direktør si orientering
- 101/2019 Rapportering frå verksemda per november 2019
- 102/2019 Årleg melding 2019 – Helse Førde HF
- 103/2019 Budsjett 2020 – Helse Førde HF
- 104/2019 Investeringsbudsjett 2020 – Helse Førde HF
- 105/2019 Plan for internrevisjon 2020-2021

Saker til orientering:

- 106/2019 Orientering om høyringsinnspel til prehospital plan Helse Førde
- 107/2019 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del:

- 108/2019 Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn

Helseføretakslova
§ 26 a, 2.ledd nr
1

Styret si eigenevaluering

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen og publikum velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Adm. direktør Varden orienterte og viste bilder frå 40 årsjubileum 3. desember for Førde sentralsjukehus.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om **Nasjonal helse- og sjukehusplan**

Hovudområda i planen er:

- Samhandling spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste
- Psykisk helsevern
- Teknologi
- Digitalisering og kompetanse

Planen bygger på alle føringar = samla helse og sosialpolitikk

Regjeringa vil:

- Skape pasientens helseteneste. "Kva er viktig for deg?" skal vere førande både i møtet mellom pasient og helepersonell og i utvikling av helse- og omsorgstenesta
- Etablere 19 helsefellesskap, der kommunar og helseføretak utviklar og planlegg tenestene saman som likeverdige partnarar
- Skape det utadvendte sjukehus
- Utvikle betre psykiske helsetenester
- Sikre ei samanhengande og koordinert akuttmedisinsk kjede
- Legge til rette for meir bruk av teknologi
- Sikre tilstrekkeleg og riktig kompetanse for å møte framtidige behov
- Redusere uønska variasjon
- Vidareutvikle finansieringsordningane
- Vri ressursane mot teknologi og kompetanse

Målet med planen er å realisere pasientens helseteneste på ein bærekraftig måte.

Helsefellesskapa skal organiserast på tre nivå:

- 1) Partnerskapsmøtet
- 2) Strategisk samarbeidsutval
- 3) Faglege samarbeidsutval

Styret ønskjer at dokumentet Nasjonal helse og sjukehusplan vert teke vidare i eit styreseminar.

097/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Nye dokument utdelt/lagt på bordet:

- Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 (kortversjon)
- Vedtak i FAMU 11.12.2019 vedr. Utkast til budsjett og investeringsbudsjett for 2020 for Helse Førde
- Protokoll frå 12.12.2019 drøftingsmøte vedr. Utkast budsjett og investeringsbudsjett 2020 for Helse Førde
- Protokoll 16.12.2019 vedr. Drøfting av budsjett 2020 i kirurgisk klinikk
- Oppdatert oversikt mottatt høyringsinnspel til prehospita plan
- Høyringssvar knytt til Prehospita plan frå ulike fagorganisasjonar i Hyllestad
- Innspel frå LPP vedr. Regional plan for psykisk helsevern og budsjett i Helse Førde

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

098/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.11.2019

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 22.11.2019.

099/2019 Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte i Helse Førde HF 05.12.2019

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 05.12.2019.

100/2019 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia og orienterte om:

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**

Punkt 2i tabellen: Rapport frå Riksrevisjonen var ferdig i slutten av november.

Det vert orientering om rapporten til neste styremøte 24. januar 2020.

4. Orientering om mediasak knytt til pasientbehandling

Fagdirektør Vingsnes orienterte om uheldig hending i avdeling for patologi – og kva tiltak som er sette inn.

Strakstiltak var innført dobbelkontroll inn mot MTD-møte for brystkreft. Har identifisert sårbart punkt i datasystemet til laboratoriet, bestilt endring for dette. Generelle tiltak og arbeid over tid er arbeidstilhøve og kvalitetssikring.

5. Nasjonale kvalitetsindikatorar

Fagdirektør Vingsnes orienterte om nasjonale kvalitetsindikatorar for andre tertial 2019 som vart publisert 28.11.2019. 107 indikatorarar der 92 av desse har tal for Helse Førde.

- 41 plasseringar blant topp 5, 39 av desse på pallplass, 30 førsteplassar
- 38 «normalplasseringar»
- 13 plasseringar blant nederste 5

19 av førsteplassane er i psykisk helsevern

Anna å merke seg:

- Bruk av breispektra antibiotika har gått litt opp att
- Pakkeforløp lungekreft innan anbefalt forløpstid: 94 prosent
- Pakkeforløp brystkreft innan tilrådd forløpstid: 43 prosent (mål 70 prosent)
- Andel pasientar med hoftebrot opererte innan 48 timar: 97 prosent

6. Nye Førde sjukehus - løypemelding

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om Nye Førde sjukehus.

Vidare framdrift i heilskap og Livabygget:

- Vi når ikkje reviderte kostnads mål saman med entreprenørar til styremøte i januar
- Saka med endringar i høve til forprosjekt må flyttast til styremøtet i mars
- Tida fram mot mars kjem til å bli nytta godt
- Utkast til revidert aktivitetsplan skal drøftast med entreprenør så snart kontrakten er signert
- Forseinkinga er marginal og avgrensa til det tal dagar som kan reknast frå 4. desember og fram til kontrakt er signert
- Karenstid er tilbaketrukket, men er i praksis fram til kontrakt blir signert

Personskader hos Åsen & Øvrelid på Dagabygget:

Tre mindre personskadar hittil. Prosjektleiinga har saman med Åsen & Øvrelid AS fokus på dette.

Økonomistatus:

Fortsatt håp om å kunne spare ca 10 millionar av reserven på Dagabygget.

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a

6. Nye Førde sjukehus - løypemelding

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

Open del:

101/2019 Rapportering frå verksemda per november 2019

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.

Fag og kvalitet:

- Den gode utviklinga når de gjeld ventetider har halde fram. Dette gjeld både ventande og pasientar behandla i perioden. Administrerande direktør erkjenner likevel at vi framleis innan einssilde fagområde har utfordringar med kapasitet som vi ikkje har greidd å løyse.

Aktivitet og økonomi:

- Resultatet vart eit overskot på 3,6 millionar kroner, som er 0,6 millionar betre enn budsjett. Aktiviteten var høg innan psykisk helsevern, men bak plan for dei somatiske avdelingane.
- I november var det eit meirforbruk på 5,3 millionar.
- Administrerande direktør må saman med klinikkdirektørane fortssetje fokuset på tiltak knytt til personalkostnader. Arbeide med tiltak vert like viktig i 2020 som i inneverande år.
- Til no i år er føretaket 4,5 millionar bak budsjett.

HMS:

- Positiv utvikling med sjukefråværet. Samla sjukefråvær i Helse Førde ei oktober var 5,9 prosent, som er 0,2 prosentpoeng lågare enn september, men 0,6 prosentpoeng høgare enn same periode i fjor.

Adm. direktør opprettheld resultatmålet på 36 millionar kroner i 2019.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Resultatet i perioden er eit overskot på 3,6 millionar kroner, som er 0,6 millionar betre enn budsjett.

Sjukefråværet i oktober var 5,9 prosent. Det er 0,6 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, og 0,2 prosentpoeng høgare enn førre månad.

Brutto månadsverk i perioden var 2291 (65 fleire enn for same periode i 2018) og netto månadsverk var 2143 (65 fleire månadsverk enn for same periode i 2018).

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2019 til vitende.

Oppsummering:

Årleg melding er ein rapport som viser korleis Helse Førde HF har følgd opp dei ulike punkta i styringsdokumentet frå Helse Vest RHF. Innhaldet tek føre seg dei helsefaglege, økonomiske og organisatoriske styringskrava. Det er også ein gjennomgang av strategi- og plandokumenta for 2019.

Rapporten syner at Helse Førde leverte gode kvalitetsresultat i 2019, som i føregåande år. Føretaket har utfordringar med å rekruttere klinisk nøkkelpersonell til delar av drifta, og relativt høge utgifter til vikarar. Det vert arbeidd målmedvite med rekruttering og god planlegging av dei ressursane vi har.

Det store løftet for Helse Førde er utbyggingsprosjektet Nye Førde sjukehus. Føretaket er i gang med første byggesteg, som er nybygg psykisk helsevern (Dagabygget). Planlegging av steg to, nytt somatikkbygg (Livabygget), er godt i gang.

Avdelingssjef Markhus orienterte om prosessen og innhaldet i årleg melding 2019.

- Styret ønskte i januar 2019 at årleg melding framover skulle handsamast i styremøte i desember, slik at styrt kan gi sine merknader til dokumentet før oversending til Helse Vest
- Det er tidleg å rapportere alt i november – tal må oppdaterast
- Eventuelt bestilling knytt til kap. 5 Rapportering
- Nokre språklege korrigeringar

Styret sa at saka er godt skriven, den er informativ og gir god oversikt.

Styret kommenterte og stilte spørsmål til:

Side 4: Helse Førde har hatt fleire eksterne tilsyn

Side 4: Kva meinast med auka simulering

Side 4: I siste avsnitt, linje 3, bør stå «rekruttering av sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar»

Side 13: Under punkt 2.2. står «Mål 2018,» må rettast til «Mål 2019»

Side 15-17: Tvang i psykiatri; einsidig fokus å redusere tvang. Meir fokus på rett bruk av tvang (når vi allereie er best)

Side 26: Kompenserande tiltak kreftkirugi?

Side 37: Her er nytta både ordlyd «bidra» og «vil bidra»

Side 47: Her er omtala «Avdelingane med dei mest sårbare pasientane». Vi bør på ny sjå på vaksinasjonsgraden ved dei nemnde avdelingane, for rett formulering i avsnittet.

Side 52: Kor mange kommunar slår seg saman frå 1.1.2020?

Styreleiar Landstad oppsummerte med at:

- ✓ *Eit solid dokumentet som gjev god oversikt over verksemda i Helse Førde*
- ✓ *Dokumentet kan gjerne vere meir tydeleg på område der vi har utfordringar som vi arbeider med. Eks. Gylne regel og Trygg pleie*
- ✓ *Rekruttering og kompetanse er utfordrande, gir signal i dette dokumentet på kva vi skal jobbe med i 2020*

Framlegg til vedtak:

1. Styret godkjenner årleg melding 2019 for Helse Førde HF.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til tala, før årleg melding blir send til Helse Vest RHF 15. januar 2020.

Styret kom med følgjande tillegg i punkt 1:

«....., med dei merknader som kom fram i styremøte»

Votering:

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med styret sitt tillegg i punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner årleg melding 2019 for Helse Førde HF, med dei merknader som kom fram i styremøte.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til tala, før årleg melding blir send til Helse Vest RHF 15. januar 2020.

103/2019 Budsjett 2020 - Helse Førde HF

Oppsummering:

Budsjettet for 2020 skal leggje det finansielle grunnlaget for at Helse Førde kan gje befolkninga eit godt tilbod om utgreiing og behandling i spesialisthelsetenestene, samt løyse oppgåver innan utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande. Sjølv om den økonomiske situasjonen fører med seg at vi må leggje om delar av drifta, vil aktiviteten budsjettet legg opp til i stor grad vidareføre drifta frå 2019. Nasjonal helse- og sjukehusplan, Helse Vests strategi Helse 2035 og den reviderte utviklingsplanen for Helse Førde vil gje retning for arbeidet i 2020.

Administrerande direktør legg fram eit budsjett med 26 millionar kroner i overskot. Det er 10 millionar lågare enn det som er lagt til grunn i langtidsplanane. Årsaka til endra resultatkrav er konsekvensane av at Hornindal, som vert ein del av Helse Møre og Romsdal sitt ansvarsområde.

Endring i drifta som ligg i klinikkane sine budsjett, skal gjennomførast innanfor planlagt tid og økonomisk effekt. Driftsendringar i 2020 som går ut over budsjettet, må føretaket dekke med nye tiltak slik at Helse Førde held seg innanfor ramma sett av Helse Vest.

Adm. direktør Varden orienterte om det overordna for budsjett 2020.

- *Samanlikna med 2019 budsjettet har ein styrka personalkostnader, redusert varekostnader og auka ISF inntekta noko. Dette er basert på utviklinga i 2019*
- *Driftsbudsjettet skal sikre vidare satsing på kvalitet i alle einingar*
- *Stø kurs på driftsutgiftene for å sikre framdrift og kontroll på investeringar i Nye Førde sjukehus.*
- *Medisinsk teknisk utstyr, IKT-investeringar (infrastruktur og betre tenester, eks. KULE, Alle møter)*

- Gjennom mellom anna realendingar har ein lagt til rett for og styrka kompetanse for tryggleikspostar i Psykisk helsevern, også styrka kompetanse i avdeling for akuttmedisin og akuttmottak
- Helse Førde si basisramme vart redusert med 14,9 millionar som følgje av at Hornindal kommune slår seg saman med Volda.
- Gjennom dialog med Helse Vest er det føreslått å redusere resultatkravet med 10 millionar til 26 millionar
- I 2020 vil det vere viktig å fortsatt ha fokus på god drift, samtidig som ein skal finne gevinstar knytt til Nye Førde sjukehus og innføring av nye system

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om budsjettprosessen og utgangspunkt for klinikkane.

Utfordringar for Helse Førde:

- Det er innsparingar i drifta som følgje av:
 - Hornindal er ikkje lenger del av Helse Vest sitt ansvarsområde. Helse Førde si ramme vert redusert med 14,9 millionar
 - ABE-reforma – 4 millionar for Helse Førde
 - Lågare regulering av DRG-verdien enn kostnadsida knytt til ISF 3,5 millionar

Direktør Hesjedal orienterte om budsjett 2020 for medisinsk klinikk.

Adm. direktør Varden orienterte om budsjett 2020 for kirurgisk klinikk.

Direktør Tvedt orienterte om budsjett 2020 for psykisk helsevern.

HR-direktør Skjelten orienterte om budsjett 2020 for stabsområde.

Styret sa at budsjettdokumentet er godt gjennomarbeidd og tydeleg. Budsjettet er krevjande og der ligg risikofaktorar m.a. på aktivitetsmål og personalkost, som krev tydeleg leiing og ansvarleggjering i linja.

Framlegg til vedtak:

Styret syner til saksframlegget og vedtek budsjettet for 2020, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av saka.

Helse Førde	Budsjett 2020
Basisramme	-2 001 524
ISF egne pasientar	-681 977
ISF-inntekt H-resept	-41 239
Gjestepasientinntekter	-23 966
Polikliniske inntekter – Helfo ref. lab.	-42 374
Utskrivingsklare pasientar	-2 574
Andre øremerkede tilskudd	-39 478
Andre driftsinntekter	-165 994
Driftsinntekter	-2 999 124
Kjøp av offentlege helsetenester	162 045
Kjøp av private helsetenester	17 500
Varekost	290 083
Innleidd arbeidskraft	16 829
Lønn til fast ansatte	1 463 698
Overtid og ekstrahjelp	92 790
Pensjonskostnad	249 000
Off tilskot og refusjonar	-63 526
Anna lønn	218 775

Avskrivningar	78 000
Andre driftskostnader	446 331
Driftskostnader	2 971 524
Finansinntekter	- 2 400
Finanskostnader	4 000
Netto finanskostnader	1 600
Sum	-26 000

Tilleggsframlegg frå styreleiar:

Nytt punkt 2:

Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, forsvarleg tenestetilbod med god kvalitet og den gyldne regel.

Styret ønskjer at administrerande direktør rapporterer på dette i høve konsekvensar av budsjett-tiltaka i 2020.

Votering:

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med styreleiar sitt tilleggspunkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret syner til saksframlegget og vedtek budsjettet for 2020, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av saka.

Helse Førde	Budsjett 2020
Basisramme	-2 001 524
ISF egne pasientar	-681 977
ISF-inntekt H-resept	-41 239
Gjestepasientinntekter	-23 966
Polikliniske inntekter – Helfo ref. lab.	-42 374
Utskrivingsklare pasientar	-2 574
Andre øremerkede tilskudd	-39 478
Andre driftsinntekter	-165 994
Driftsinntekter	-2 999 124
Kjøp av offentlege helsetenester	162 045
Kjøp av private helsetenester	17 500
Varekost	290 083
Innleidd arbeidskraft	16 829
Lønn til fast ansatte	1 463 698
Overtid og ekstrahjelp	92 790
Pensjonskostnad	249 000
Off tilskot og refusjonar	-63 526
Anna lønn	218 775
Avskrivningar	78 000
Andre driftskostnader	446 331
Driftskostnader	2 971 524
Finansinntekter	- 2 400
Finanskostnader	4 000
Netto finanskostnader	1 600
Sum	-26 000

2. Styret ber administrerende direktør følge konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, forsvarleg tenestetilbod med god kvalitet og den gylne regel.

Styret ønskjer at administrerende direktør rapporterer på dette i høve konsekvensar av budsjett-tiltaka i 2020.

104/2019 Investeringsbudsjett 2020 - Helse Førde HF

Oppsummering:

Administrerende direktør har lagt vedteke langtidbudsjett til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2020. Førrelege investeringsbudsjett for 2020 er på 308,8 millionar, medan langtidbudsjettet la opp til å løyve 433,7 millionar. Reduksjon på 124,9 millionar skriv seg frå lågare finansieringsbehov til prosjekt Nye Førde sjukehus i 2020.

Hovudsatsinga i 2020 er Nye Førde sjukehus (NFS) med mellom anna bygging av nytt psykiatribygg, flaumvern og kjøling av høgblokka ved FSS. I tillegg er det løyvd midlar til arealplan Lærdal sjukehus. Utover investeringar til bygg er det i investeringsbudsjettet sett av midlar til medisinteknisk utstyr, IKT infrastruktur og til nye sjukebilar.

Adm. direktør Varden innleia og orienterte om investeringsbudsjett 2020.

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om investeringsevne.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2020:

Investeringsbudsjett 2020 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2020
Brannsikring HF	1 000
Byggteknisk infrastruktur	10 100
Arealplan Lærdal	6 700
Nye Førde sjukehus	257 000
Sum	274 800
Medisinteknisk utstyr (MTU)	20 000
IKT	4 000
Ambulansar	10 000
Sum MTU og andre investeringar	34 000
Sum investeringar	308 800

2. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere tilpassingar innanfor investeringsbudsjettet si ramme. Administrerende direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.
3. Styret ber administrerende direktør legge fram 5-årig investeringsplan til styremøte i juni 2020.

Oppsummering:

Revisjonsplanen inneheld forslag til ti revisjonar. Nokre av dei er melde inn frå organisasjonen i samband med prosessen for å lage planen, andre er revisjonar som bør/skal gjerast årleg, og ein del er baserte på styringssignal og vurderingar for risiko:

Revisjonsplanen inneheld forslag til ti revisjonar:

1. Forsking – etterleving av kvalitetsstyringssystemet for forskning og innovasjon
2. HMS - Vald og trugsmål mot helsepersonell
3. Legemiddelhandtering og tilverking av legemidlar
4. Bruk av tvang i somatikk
5. Informasjonstryggleik (årleg)
6. Dokumentasjon pasientjournal
7. Internkontroll store byggeprosjekt
8. Avvikling tentative timar
9. Kvalitetsstyringssystemet (årleg)

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om plan for internrevisjon 2020-2021. Planen er to-årig, i samsvar med praksis i Helse Vest. Det vert årleg rullering og revidering av planen. Høve til å ta inn nye viktige tema/område undervegs. Samordning med regionale revisjonsplan.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek revisjonsplan for Helse Førde 2010-2021 slik den ligg føre.

Endringsframlegg frå styret:

Styret tek administrerande direktør sin revisjonsplan for Helse Førde 2020-2021 til vitende.

Votering:

Styret sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin revisjonsplan for Helse Førde 2020-2021 til vitende.

Saker til orientering:

106/2019 Orientering om høyringsinnspel til prehospital plan Helse Førde

Oppsummering:

Arbeidet med prehospital plan er delt opp i tre fasar:

Fase 1: Etablere prosjekt – forankring internt og eksternt: Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår.

Fase 2: Detaljering av modellar

Fase 3: Implementering av vald modell

Planutkastet har 41 tiltakspunkt fordelt på desse hovudområda:

- 1) Styringsdata
- 2) Teknologi og innovative løysingar i prehospital tenester
- 3) Bemanningsmodell i bil- og båtambulansetenesta
- 4) Kompetanseutvikling
- 5) Samhandling mellom dei prehospitala og hospitala tenestene i Helse Førde
- 6) Samhandling mellom helseføretaket og kommunar for dei prehospitala tenestene
- 7) Struktur og organisering for bil- og båtambulansetenesta

Planutkastet, som er eit sluttprodukt frå fase 2, vart sendt ut på høyring 30.09.2019. Det har kome inn om lag 50 høyringsinnspel til utkast til prehospital plan for Helse Førde. Fleire har innvendingar knytt til dei strukturelle grepa som er føreslegne i planen. Ein del av innspela syner også behov for å klarlegge metodiske tilnærmingar i planarbeidet.

Adm. direktør Varden orienterte om høyringsinnspel til prehospital plan og skisserte førebels plan fram til slutthandsaming til 24.01.2020.

Styret har følgjande bestilling til neste styremøte:

Administrerande direktør blir beden om å klargjere spørsmålet om ny ambulansebåt for Solund og Askvoll og ny ambulanseteneste for Ytre Bremanger.

Administrerande direktør blir beden om å skissere alternativ løysing for ambulansetenesta for Midtre og Indre Nordfjord og for Lavik.

Styrelciar Landstad oppsummerte med at styret har gitt nokre synspunkt og ønske om vurderingar til styremøte 24.01.2020. Nokre område i planen kan ein eventuelt kome tilbake til, dersom det er nødvendig med meir tid til utgreiing.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek innkomne høyringsinnspel til utkast for prehospital plan i Helse Førde til vitande.
2. Høyringsinnspela skal vere ein del av grunnlaget for eventuelle justeringar i samband med ferdigstilling av planen.

3. Planen skal endelig handsamast av styret i januar 2020.

107/2019 Eventuelt

Neste styremøte 24. januar 2020 vert på Nordfjordeid. Det blir orientering om nye Stad kommune.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:

- RHF styresak 128/19 Inntektsfordeling og resultatkrav 2020
- RHF styresak 132/19 Høyringsuttale – Tvangsbegrensingslova

Følgjande skriv og melding vart lagt på bordet i møte:

- Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 (kortversjon)
- Vedtak i FAMU 11.12.2019 vedr. Utkast til budsjett og investeringsbudsejtt for 2020 for Helse Førde
- Protokoll frå 12.12.2019 drøftingsmøte vedr. Utkast budsjett og investeringsbudsjett 2020 for Helse Førde
- Protokoll 16.12.2019 vedr. Drøfting av budsjett 2020 i kirurgisk klinikk
- Oppdatert oversikt mottatt høyringsinnspel til prehospita plan
- Høyringsvar knytt til Prehospita plan frå ulike fagorganisasjonar i Hyllestad
- Innspel frå LPP vedr. Regional plan for psykisk helsevern og budsjett i Helse Førde

Lukka del:

108/2019 Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn

Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd nr. 1

Oppsummering:

Etter Helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet som administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Det høyrer til styret å fastsetje løn til administrerande direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Vedtak (samrøystes):

Administrerande direktør si løn blir regulert med 3,1 % med verknad frå 1.1.2019.

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Tor Vidar Myklebust

Ivar Eriksen

Arthur Norevik

Randi Aven

Ole-Magnus Kapstad

Lena Thorsnes